

Padling rundt Bømlo



Forslag til padleturar

- i havgapet
- i lune farvatn innaskjers
- på idylliske ferskvatn



1 Børøya rundt

Langde ca 15 km. Tid 3-5 timar i roleg tempo.
1 time ekstra dersom Langestraumen er med i ruta.

GPS for lending
59.7495 5.26790

Turen frå Åreidalen rundt Børøya vil gje deg mange flotte opplevingar. I nord er landskapet du paldar i kledd med furuskog, mens det lengs sør er frodig, fin lauvskog. Under Siggjo stuper den bratte lia rett i sjøen, mens på resten av turen sig du langs småbrot og svaberg i ein variert natur. I Vestre Vågen på stora Ulvesøya har Vestkysparken eit fint anlegg for båtturistane, med brygger og grillhus. Her finn du nok plass for ein kajakk óg. Helt sør på Litla Børøya er det mange fine svaberg for rast og solbading. Søkjer du litt krevjande opplevingar, kan du ta turen inn Langestraumen. Her går straumen stri på stigande eller fallande sjø, og kan vera ei vel stor utfordring for mindre erfarne padlarar. Hald deg godt klar straumkvervlane.

I dette området er havørn eit vanlig syn. Det seiast at ho hekkar ein stad på desse øyane.

I Finnåsvika og fram til Klubbasundet er det stor båttrafikk. Mange av båtane har gjerne stor fart. Her er du midt i leia for fritids- og fiskebåtane som nyttar Røksund- og Kulleseidkanalen på veg til og frå dei rike fiskeplassane til havs. Det er ditt ansvar óg at ingen kjem til skade i området med kryssande trafikk og interesser.

Det skal ikkje mykje vind til før Børøyfjorden blir krevjande for urøynde i kajakk. Å padla på innsida av Børøya er eit godt alternativ.




2 Padling i havkanten

GPS for landing
1 59.863 5.0841

GPS for landing
2 59.8902 5.09732

Farvatnet på utsida av Goddo byr på mange flotte padleopplevingar. Du finn lett ruter i smulare farvatn der du gjennom smale sund og over låge skjær kan nyta synet av storhavet utafor, og utfordringar på det opne havet. Dei fleste dagane er havet vilt og uregjerleg, men treff du på dei få fine dagane vil du ha opplevingar på høgste merke. Dette er ikkje område for urøyde padlarar, heller ikkje for den som dreg åleine. Dei som bur her har lært seg respekten for havet. Det bør me som er her ein skjeldan gong óg gjera. Finn sjølv ruta som passar deg.

På kartet er det merka av to stader for sjøsetting, med grei parkering.





Bømlo, eit eldorado for padlarar

Bømlo har eit svært variert og spennande farvatn for padling, både for den ferske padlaren og for dei meir erfarne. Du kan leggja ruta i kanten av storhavet eller i lune, stilla, avskjerma farvatn innaskjers. Vatna våre er gode alternativ på dagar med vind.

Det kan vera ei utfordring å finna høvelege stader å setja ut kajakken. Denne faldare er ein vegvisar til stader der du enkelt kan koma deg utpå, og samtidig parkera bilen, utan at den er i vegen for andre.

Me ynskjer at ingen skal koma til skade i samband med padling rundt Bømlo. Difor håpar me du gjer gode vurderingar av vêrtilhøva, det farvatnet du skal padla i og dine egne og dei du padlar saman med sine erfaringar med kajakk eller kano, før du legg iver.

God tur og nyt opplevingane!



Symbol



Desse rutene går innaskjers, i farvatn som er mindre utsett for bølger og vind. Krev mindre erfaring.



Turar som går i farvatn som er meir utsett for bølger og vind. Krev noko meir erfaring. Bør vera fleire ilag.



Turar som går i farvatn som er svært utsett for bølger og vind. For erfarne padlarar. Må vera fleire ilag.

Eit par tips om vind og bølger:

Det går ofte lang tid frå vinden løyar til storhavet er roleg. Vurder nøye situasjonen før du padlar utom dei ytste skjera.

Også her hos oss kan solgangsbrisen på fine dagar koma overraskande og hardt, sjølv innaskjers. Om du padlar ut på føremiddagen i roleg sjø, kan mykje endra seg til returen ut på ettermiddagen. Solgangsbrisen er nordleg.



BØMLO RUNDT I KAJAKK

Ynskjer du meir informasjon om padling i skjergarden rundt Bømlo, kjøp padleguiden *Bømlo rundt i kajakk*.



ÅTVARING

Dei er så små at du mest ikkje ser dei, men du vil likevel heilt sikkert merka dei. Så lenge du er i kajakken ute på sjøen, går det bra. Stig du i land vil knotten eller SMIKKO 'eta deg opp'. Du møter denne skapningen stort sett over heile Bømlo frå midt i juni og ut i september. Ha alltid med deg rikeleg med myggspray på tur.

3 Hiskjo

Lengde rundt Litlahiskjo 7 km, 2-3 timar
Lengde rundt Hiskjo ca 10 km, 3-5 timar

GPS for lending
59.7442 5.1419

Handelsstaden Hiskjo var ein av dei sentrale plassane på Bømlo under dei store sildefiska i tidlegare tider. Berre deler av bygningane er intakte i dag, men er flotte overlevingar frå farne tider.

Med friområdet Melkevik på Hiskjo som utgangspunkt, kan du velja mange ulike ruter, både innsakers og i meir utsett farvatn. Her er tre turforslag:

A Litlahiskjo rundt


Turen rundt øye er omlag 7-8 km lang. Oftast er det roleg sjø her så lenge vinden ikkje er for sterk. Øya har mange vikar, sund og holmar du kan utforska. På austsida er det mange fine svaberg å gå i land på. Du må òg unna deg ein tur inn Langevågen, ei langstrakt bukt med grunn sandbotn, der sjøtemperaturen er meir forlokkande enn elles her i havkanten.

B Oddøyane

Oddøyane ligg på vestsida av Hiskjo. Holmar og skjer lagar nærast ein labyrinth av sund og trange passasjar. Øyane er så godt som utan vegetasjon, men likevel finn villsauene nok mat til å livberga seg. Mellom Oddøyane er det lunt, men du må velja ein dag med roleg sjø for turen ut dit, enten frå nord, eller mellom øyane ved Hiskhovet. Her blir det snart røft for ferske padlarar. Kjem du deg ut hit, må du gå i land på Gulo, med eit fasinerte landskap, og bada i den varmare laguna.

C Svinosen

Tar du turen mot nord, padlar du under Tuesundsbrua og ut osen mot Lesundet. Her tar du til styrbord og kjem ut i Svinosen. Oftast bryt det friskt på utsida av holmane her, og minner om at havet ikkje er til å spøkja med. Held du deg langs land, kryssar vika inn til Sekk, rundar Storneset, har du ei lang, spennande lei framfor deg i skjerma farvatn heilt nord til Brømsund, gjerne med ein avstikker inn i Sønstabøvågen. Men følg med på vinden, hugs du skal forsera Svinosen og Tuesundsosen på veg heim igjen!



4 Padling i ferskvatn

Det er mange flotte opplevingar å henta i dei største vatna her på øya, i kajakk eller i kano. Dei tre vatna som er vist nedanfor er lettast tilgjengelege. Ynskjer du større utfordringa, kan du leita deg fram til Sagvatnet (tilgjengeleg frå Tjongspollen), Bergevatnet, Grutlevatnet eller Hagardsvatnen. Gode fiskevatn alle saman.

Storavatnet på Svortland

GPS for landing
59.7941 5.1701
v/ Kulturhuset

Vatnet midt i sentrum er eit godt alternativ for ein padletur både i kajakk og kano. Vatnet er fullt av fisk, og byr på mange vikar og nes å utforska, i eit 'by'-nært område.




Erlandsvatnet

GPS for landing
59.7708 5.242

Rundt Erlandsvatnet er det omlag 4 km og turen tar kanskje ein time om du padlar litt aktivt. Men her må du berre gje deg god tid, siga seint og suga inn inntrykka.

Langs den nord-austre delen av vatnet står store lauvtre i vasskanten og heng frodige ut over vatnet. Det vert ein utruleg flott fargeprakt med speglinga i vatnet. Heilt i aust kjem furuskogen til vasskanten. Her inne er det heilt roleg og fredelig, du gløymer deg vekk og nyt skogsusen og fuglesongen.



Finnåsvatnet

GPS for landing
59.75556 5.27267

Finnåsvatnet er ei av dei finaste perlene på Bømlo, særleg om du tek turen hit ein fin haustdag. Her vakar auren i speilblakt vatn, fuglesongen er intens og over deg svevar havørna på jakt etter byttet sitt. Er vasstanden høg kan du padla gjennom Mjåsund, under brua på Krøknaset og inn i Holmedalsvatnet. Blad til nøkkerosa lagar kriblande, trolsk stemning i vasskørpa, i mørkt, djupt vatn. Finnåsvatnet er drikkevasskjelde.

